



Båthamna i Uskedalen er svært godt fylt i kveld, men ein siglar frå Arnhem i Holland har det mest karakteristiske og treffande namnet. Det er Walkabout.

For er det noko Ate og Gees Wymenga driv med under den 5 veker lange ferien sin er det nettopp å rusle rundt med den flotte båten. I Noreg er dei no igang med runde nummer 3 og når vi spør kvifor dei likar vårt land og prioriterar det kjem svaret i eitt ord: Naturen!

Det er fjella og den dramatiske kontrasten frå heime som lokkar og i morgon kjem dei til å klatra opp på eitt av fjella våre.

Vi anbefaler Nåso eller Englafjell, men det tykkjer dei verkar litt for krevjande og dei endar på ein tur til Mannsvatnet og eventuelt med Solfjell som alternativ. Dei har også vore i distriktet før og vandra, til dømes opp til brekanten i Mauranger.

Denne gongen starta dei i Sognefjorden og tykkjer Fjærland er noko av det finaste ein kan oppleve i landet vårt. Så spør det om våre fjell kan få enda betre karakter!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen